



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Vaksdal



No er det *DIN* tur! Velkomen til eit spanande år som

KONFIRMANT

Skal eg bli konfirmert?

*Ingen skal svare på det spørsmålet for deg, sjølv om dei meiner noko om det.
Det skal vere ditt val.*

KAN HENDE... er du blant dei som har bestemt deg for lenge sidan, og berre ventar på informasjon om kva som skal skje.

KAN HENDE... har du bestemt deg for å la vere, eller å konfirmere deg i eit anna kyrkjesamfunn eller borgarleg. Du kan likevel lese denne informasjonen for å vite meir om kva den kyrkjelege konfirmasjonen inneheld.

KAN HENDE... er du framleis usikker. Finn gjerne ut meir på www.konfirmant.no, der du kan lese meir om konfirmasjonen, eller ta kontakt med Frode viss du vil snakke om dette. Dersom det framleis er vanskeleg å bestemma seg, er det mogeleg å vere med ei stund som konfirmant for å finne ut meir om kva det går ut på. Og vel du å ikkje vere med vidare, seier du berre ifrå til oss. Men me trur og vonar at konfirmasjonstida kan verte ei spanande og god tid, uansett kva tru og interesser du har.

Dette brevet med informasjon er sendt til alle som er fødde i 2012 og er registrert som medlem i Den norske kyrkja i Vaksdal, men undervisninga er sjølvsgatt open for alle i aldersgruppa.

Konfirmasjonstida er ein del av kyrkjelydane si opplæring om den kristne trua. Den oppgåva har me ovanfor alle som er døypte inn i den verdsvide kyrkja. Nokre av måla er at konfirmantane skal få støtte i den trua dei har - eller til å finne fram til ei kristen tru. Det er også eit mål at dei skal få kjenne seg heime i kyrkja.

Til hausten kjem det ny konfirmantansvarleg i tillegg til Frode. Kven det er veit me ikkje enno, men me har tru på at det blir eit kjekt menneske 😊 Me ventar også på ny prest for Vaksdal og Stamnes sokn, og medan me ventar er Roar Strømme vikarprest hjå oss. Han har vore her i eit år allereie, og byrjar å kjenna bygdene godt. Bur du på Stamnes/Vaksdal kan det vera han som møter deg når det er presentasjonsgudsteneste der.

Ta gjerne kontakt, om det er noko de lurar på.

Med helsing på vegne av kyrkjelydane

Frode Kvamsøe, sokneprest Dale

Tlf. 90 19 65 14

fk796@kyrkja.no

Om presentasjonsgudstenesta

Sjølve presentasjonsgudstenesta er som ei vanleg gudsteneste i di lokale kyrkje. Supert om du møter minst eit kvarter før ho byrjar, så du kan bli teke imot, og rekk å spørja oss viss du lurar på noko. Presentasjonen føregår ved at alle konfirmantane kjem fram samtidig, og så les presten/nokon andre opp namnet til kvar konfirmant. Det er fint om den som då blir lese opp, tek eit steg fram, men de treng ikkje seia nokon ting. Før alle går ned att, tek me sannsynlegvis bilete av gjengen, og det er det moglegheit for familiane å gjera òg.

Hugs dette:

Det skal vere ein friviljug sak å verte konfirmert. Det tyder mellom anna at det må vere konfirmanten sitt val, dersom han/ho vil vere med på konfirmasjonsopplegget. Dette er ein fridom konfirmanten har, men vert samstundes eit ansvar. Ved å melde seg på konfirmantopplegget tek ein såleis ansvar for si eiga innsats og deltaking. Konfirmanten tek òg på seg ei moralsk og solidarisk **teieplikt** i konfirmasjonstida. Det ein høyrer frå andre konfirmantar i t. d. ein diskusjon eller samtale, er ikkje noko ein bør snakka om utanfor samlinga. Dette skriv me for at alle skal kunna føle seg trygge undervegs 😊

Til føresette

Kjære føresette!

De er viktige medspelarar i konfirmasjonstida. Me vonar på godt samspel med dykk, og at de tek kontakt om det skulle vere noko. Hugs at den informasjonen me får frå dykk vil verte til det beste for konfirmanten, og flott om de hjelper konfirmanten å hugsa samlingar. Og ikkje minst: Bli med konfirmanten til gudsteneste! Me kjem til å spørja dykk om hjelp innimellom, til dømes om å vera med på nattcup i Åsane i november.

Forsikring

Det er ikkje særskild risikabelt å vere konfirmant i Vaksdal, likevel vil vi ulukkes-forsikre konfirmantane. Forsikringa gjeld for samværa og reise/transport til og frå desse. Meir informasjon om dette kan ein få ved å vende seg til kyrkjekontoret.

Eigenandel

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd har bestemt at konfirmantane skal betale ein eigenandel for konfirmasjonstida. Den er no på kr 2000, og dekkar til dømes mat som konfirmantane får i løpet av samlingane. Faktura kjem når du melder deg på. Ta kontakt om det økonomiske i dette vert vanskeleg for dykk, så har me gode ordningar for det!